


Oppvekstprofilen 2025 for Hemsedal

Årets tema er inkludering av barn og unge med innvandrerbakgrunn.

Andel og talet på barn som innvandrar har auka i dei fleste kommunar, som følgje av krigen i Ukraina. Om lag ein tredel av flyktningane som har komme til Noreg frå Ukraina er barn og unge. Integrering, inkludering og tilhørslse er grunnleggande for trivselen, utviklinga og moglegheitene til barna. Det er viktig å bygge tillit og gode fellesskap, og sikre like moglegheiter så alle barn og unge kan delta i fritidsaktivitetar, utdanning og arbeids- og samfunnsliv. Barrierar for deltaking kan vera økonomi, helse, språk og mangel på nettverk.

Figur 1. Barn og unge med innvandrerbakgrunn etter alder, per 1.1.2024. Aldersgruppene svarer til barnehage, barneskule, ungdomsskule, vidaregåande opplæring og unge vaksne. *Kjelde: SSB.*




Kommunen kan:

Tilretteleggje for gode tenester og tilbod for å gjere det lettare for barn og unge som strevar, så alle får ein god oppvekst, med god inkludering og deltaking og like moglegheiter i livet. God integrering og inkludering krev at mange jobbar saman – innbyggjarar, stat, fylke og kommune, frivillige organisasjonar m.m. Kommunen bør tilretteleggje for inkluderande møteplassar og deltaking i fritidstilbod for alle barn og unge, mellom anna ferie og fritidstilbod for barn i låginntektsfamiliar.

Vidare sikre god kartlegging, samordna, heilskapleg og lågterskel oppfølging av barn og unge med innvandrarbakgrunn, særleg nykomne, levekårsutsette, einslege mindreårige flyktningar, barn og unge i lukka miljø, og ungdom i risiko for fråfall eller kriminalitet. Og sikre at alle barn og unge lever trygge og frie liv, og jobbe aktivt mot vald i nære relasjonar, æres relatert vald og negativ sosial kontroll.

Figur 2. Andel 0–29 år med innvandringsbakgrunn etter verdsdel og totalt, per 1.1.2024. Kjelde: SSB.



Nøkkeltal frå årets oppvekstprofil for Hemsedal, samanlikna med landet som heilheit:

(nokon av indikatorane har ikkje nye tal)

- Høgare andel innvandrarar og andel norskfødde med innvandrarforeldre
 - Låg andel av barn i familiar som mottok sosialhjelp
 - Færre barn og unge som bur trengt
 - Lågare andel barn av einslege forsørgjarar
 - Låg pedagogtettleik i barnehagane
 - Høgare andel med høgare gjennomsnittleg grunnskulepoeng etter 10.trinn
 - Omlag som for landsnittet med gjennomføring av vidaregåande opplæring
 - Høgare andel unge (15-29 år) som står utanfor utdanning og arbeid
- enn landsnivået.

Les heile [Oppvekstprofilen her](#).

Kjelde: Helsedirektoratet (2025). Inkludering av barn og unge med innvandrerbakgrunn [nettdokument]. Oslo:

Helsedirektoratet (siste faglige endring 09. april 2025, lest 29. april 2025). Tilgjengelig fra

<https://www.helsedirektoratet.no/forebygging-diagnose-og-behandling/forebygging-og-levevaner/folkehelsestatistikk-og-profiler/inkludering-av-barn-og-unge-med-innvandrerbakgrunn>